

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref
26/1937-

Dato
24. juni 2026

Høyring av forslag om omlegging av barnetillegget til uføretrygd

Arbeids- og inkluderingsdepartementet sender med dette på høyring forslag om å leggje om barnetillegget til uføretrygd til eit universelt, standardisert tillegg.

Formålet med omlegginga er å forenkle reglane og å styrkje arbeidsinsentiva.

Barnetillegget til uføretrygd er i dag eit behovsprøvd tillegg. I høyringsnotatet blir det foreslått at det blir lagt om til same system som i dag gjeld for barnetillegget til arbeidsavklaringspengar og dagpengar, men at barnetillegget til uføretrygd skal vere høgare enn i desse ordningane. Det er lagt opp til at omlegginga blir gjennomført om lag budsjettneøytralt på innføringstidspunktet.

Det blir foreslått at uføre med barn som allereie er omfatta av ordninga med behovsprøvd barnetillegg, beheld dette for desse barna i ein overgangsperiode på tre år etter innføringa. Etter denne overgangsperioden skal det nye barnetillegget gjelde for alle.

Fristen for å sende inn høyringssvar er **24. september 2026**.

Lista over høyringsinstansar er lagd ved. Vi bed om at adressatane førelegg høyringsnotatet for underliggjande etatar eller tilknytte verksemder, organisasjonar eller liknande som ikkje står på adressatlista, men som forslaget rører ved.

Høyringar er opne, og alle kan sende innspel, sjølv om dei ikkje står på lista over høyringsinstansar. Uttalane er offentlege etter offentleglova og blir publiserte på regjeringa.no. Vi bed om at høyringsuttalane blir sende inn elektronisk ved å bruke den digitale løysinga for høyringsuttalar på regjeringa.no.

Med helsing

Haakon Hertzberg (e.f.)
avdelingsdirektør

Erlend Estenstad
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar